



# Selskapsavtale for Sogn og Fjordane Revisjon IKS

## Gjeldande frå 1.01.2014

### § 1. Selskapet

Sogn og Fjordane revisjon IKS (SF revisjon IKS) er eit interkommunalt selskap oppretta med heimel i Lov om interkommunale selskap av 29.01.1999.

Selskapet har følgjande deltakarar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Balestrand kommune  
Høyanger kommune  
Leikanger kommune  
Luster kommune  
Lærdal kommune  
Sogndal kommune  
Vik kommune  
Årdal kommune

### § 2. Hovudkontor

Selskapet sitt hovudkontor skal vere i Leikanger kommune.

### § 3. Føremål og ansvarsområde

Eigarane sitt føremål med etablering av SF revisjon IKS er å ha eit selskap som leverer tenester innafor området kommunal revisjon.

Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll jf kommunelova § 77 punkt 4 og 5 samt attestasjonsoppdrag. Slike tenester skal i tillegg kunne leverast til kommunale føretak, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap tilhøyrande deltakarane.

I tillegg kan SF revisjon IKS yte tenester jf kommunelova § 77 punkt 4 til eigarane basert på særskilte avtalar eller rammeavtalar.

### § 4. Økonomiske rammer

Utgifter til dekning av finansiell revisjon, attestasjonsoppdrag samt administrasjonsoppgåver til kommunane vert dekkja av eigarane etter fast fordelingsnøkkel der eigardel utgjer 10% og

medgått tid 90% Dette vert fakturert a-konto 2 gonger årleg jf vedteke budsjett med ei endeleg avrekning ved årets slutt.

Oppdrag til eigarane som gjeld andre tenester og selskapskontroll vert fakturert i samsvar med særskilte avtaler eller rammeavtalar

Andre oppdrag og selskapskontroll vert fakturert etter medgått tid.

Representantskapet fastset timeprisen selskapet skal nytta i påfølgjande år i samband med vedtak av selskapets budsjett.

## § 5. Innskotsplikt

Deltakarane har gjort slike innskot i selskapet:

Sogn og Fjordane fylkeskommune	kr 480 000,-
Balestrand kommune	kr 48 000,-
Høyanger kommune	kr 96 000,-
Leikanger kommune	kr 36 000,-
Luster kommune	kr 120 000,-
Lærdal kommune	kr 60 000,-
Sogndal kommune	kr 108 000,-
Vik kommune	kr 72 000,-
Årdal kommune	kr 120 000,-
Sum	kr 1 140 000,-

## § 6. Eigardel og ansvarsdel

Deltakarane sin eigardel er:

Sogn og Fjordane fylkeskommune	42 %
Balestrand kommune	4,2 %
Høyanger kommune	8,5 %
Leikanger kommune	3,2 %
Luster kommune	10,5 %
Lærdal kommune	5,3 %
Sogndal kommune	9,5 %
Vik kommune	6,3 %
Årdal kommune	10,5 %
Sum	100 %

Deltakarane sin ansvarsdel er lik eigardel.

## § 7. Representantskapet

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Kvar deltakar vel eit medlem med personlege varamedlem i representantskapet.

Representantskapet vel leiar og nestleiar. Desse vert valde for to år. Valet skjer ved første representantskapsmøte etter skipinga, deretter 1. år og 3. år i valperioden.

Kvart medlem har røysterett i forhold til den eigardelen i selskapet vedkommande representerer.

Medlemmene vert oppnemnt av dei respektive kommunestyra/fylkestinget for kommunevalperioden.

## § 8. Møte i representantskapet

Ordinære representantskapsmøte skal haldast innan 01.06 (vårmøtet) og 15.09 (haustmøtet), og skal handsame:

Vårmøtet *skal* handsame:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av revisor
- Val til styret
- Val av leiar og nestleiar i styret

Hauptmøtet *skal* handsame:

- Budsjett
- Økonomiplan

I tillegg til ovannemnde *kan* det på representantskapsmøta handsamast følgjande saker:

- Andre saker som styret ynskjer å legge fram for representantskapet
- Andre saker som etter lov om interkommunale selskap skal avgjerast av representantskapet
- Val av valnemnd til styret

Utskrift av møtebok i representantskapet skal sendast deltakarane.

## § 9. Styret

Forvaltninga av selskapet høyrer inn under styret, som har ansvaret for ein tilfredstillande organisering av selskapet si verksemd. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, selskapet sitt årsbudsjett og andre vedtak og retningsliner som vert fastsett av representantskapet. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.

Styret skal ha fem medlemmer med tre varamedlemmer i rekkje.

Funksjonstida er to år. Same funksjonstid gjeld for leiar og nestleiar.

Dagleg leiar, representantskapsmedlem eller medlem i kontrollutvala i eigarkommunane kan ikkje vere medlemmer i styret.

Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar rett til å teikne selskapet, eller gjere vedtak om at slik teikningsrett må utøvast i fellesskap av dei som får teikningsretten.

### **§ 10. Dagleg leiar**

Selskapet skal ha dagleg leiar som skal tilsetjast av styret. Dagleg leiar har ansvaret for den daglege leiinga av selskapet og skal følgje dei retningsliner og pålegg som styret og representantskapet gjev.

### **§ 11. Låneopptak**

Selskapet kan ta opp lån til likviditetsformål med ei samla råde på kr 2 000 000 ved vedtak av styret. Endring av denne råde krev vedtak av deltakarane.

### **§ 12. Uttreden**

Ein deltakar kan med eitt års skriftleg varsel seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet.

Uttreden kan berre skje pr. 31.12. Utløysingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Utløysingssummen kan likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sitt innskot.

Krav om uttreden skal varslast dei andre eigarane seinast 1 år og 3 månadar før uttredingsdato, slik at alle deltakarane får høve til uttale, før deltakaren kan seie opp sitt deltakarforhold.

### **§ 13. Tilhøve til Lov om interkommunale selskap.**

I tillegg til selskapsavtalen gjeld den til einkvar tid gjeldene lovgjeving om interkommunale selskap.

### **§ 14. I krafttreden**

Den reviderte selskapsavtalen trer i kraft når den er vedteken av alle eigarane.

Endra selskapsavtale pr 1.1.2014  
er vedteken av eigarane:

Eigar:	Vedtak nr	Dato
Høyanger Kommune	16/13	12.03.2013
Balestarnd kommune	3/13	18.04.2013
Vik kommune	07/13	05.03.2013
Leikanger kommune	10/13	07.03.2013
Sogndal kommune	8/13	14.02.2013
Luster kommune	8/13	14.02.2013
Årdal kommune	118/12	13.12.2012
Lærdal kommune	76/13	14.11.2013
Sogn og Fjordane fylkeskommune	62/12	11.12.2012